

ÅRSMELDING 2013

BRUKARUTVALET I HELSE BERGEN

Samansetjing av utvalet f.o.m august 2012

<u>Faste medlemar</u>	
Jorunn M. Bakke, leiar	FFO
Anne-Berit Kolås, nestleiar	SAFO
Geir Ove Søreide	FFO
Erling Jacobsen	FFO
Bente Orlen Westervik	FFO
Helen Aareskjold	FFO, Fram til november 2013
Ida Carlsen Eide	SAFO
Margot Bertheussen	Fylkeseldrerådet
Magnus Mjelde	Kreftforeningen
<u>Vara medlemar</u>	
Line Orvedal	FFO
Svein Nord Kristiansen	FFO
Liv Huus Iversen	FFO
Esther Vetås	SAFO
Hjørdis Dahle	SAFO
Monrad Reigstad	Fylkeseldrerådet
Nils Haugland	Kreftforeningen

FFO: Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon

SAFO: Samarbeidsforum av funksjonshemmedes organisasjoner

Frå administrasjonen

Anne Sissel Faugstad, viseadministrerande direktør,

Administrativt ansvarleg for utvalet

Magne Høglid, Rådgjevar, seksjon for helsetenesteutvikling/

Sekretariat for utvalet

Oppgåver og aktivitetar

Brukarutvalet har halde 8 møter og har handsama i alt 84 saker i 2013. Møta er for det meste haldne i møterom sentralblokka.

Det har også i 2013 vore stor aktivitet i Brukarutvalet.

Det er utarbeidd prosjektoversikt som følgjer årsmeldinga og som viser aktuelle prosjekt med brukarmedverknad pr. desember 2013 og aktuelle prosjekt pr. juni 2013.

Det har i 2013 spesielt vert arbeidd med:

- ❖ **Mål og strategi for brukarmedverknad i Helse Vest** Regionalt prosjekt i to delar:

Del ein mål og strategiar er ferdig handsama både i regionalt og lokalt styre.

Deltakarar frå Brukarutvalet har vore Helen Aareskjold og Anne-Berit Kolås.

Del 2 med retningsliner for brukarmedverknad er under behandling av arbeidsgruppa.

Tilrådinga frå arbeidsgruppa vil bli sendt brukarutvala og føretaka på høyring. Deretter vil saka bli ferdigbehandla ved nødvendig styrebehandling innan kort tid.

- ❖ Universell utforming. Det har vore fleire prosjekt i gang.
 - Det prosjekt Brukarutvalet har brukt mest tid på er prosjekt Bergensbadet. Her er det oppnådd semje om korleis eit bad ved sjukehus i framtida bør utformast slik at alle bruakarar kan nytte det, samtidig blir bada mindre og meir effektive enn tidlegare. Tilrådingane til arbeidsgruppa er meint nytta ved all framtidig utbygging av bad på sjukehus.
 - Tilgjengelighet på uteområder
 - Pasientservice senter

Det har også mellom anna vore arbeidd med:

- ❖ Barnas energisenter
- ❖ Samhandling med kommunane. Brukarutvalet har representantar i alle dei 4 samarbeidsutvala, som kvar har minst 4 møter årleg.

Status for Brukarmedverknad i Helse Bergen

Det har også i arbeidet med Brukamedverknad i Helse Vest blitt klart at Helse Bergen på ein tilfredsstillande måte legg til rette for Brukamedverknad. Sjukehusleiinga har Brukamedverknad høgt på agendaen. Viseadm. Direktør møter på så godt som alle møter og held Brukarutvalet godt orientert om aktivitetar og planar i verksemda.

Utfordringar

Det er likevel viktig å arbeide vidare med å sikre Brukamedverknad i alle prosjekt som har konsekvensar for Brukarane

Det skuldast at ein framleis med ujamne mellomrom blir presentert for prosjekt der brukamedverknad ikkje har vore ivaretake på ein god måte. Det er vidare eit kapasitetsspørsmål for medlemene i Brukarutvalet. Det er også ønskjeleg med betre dialog mellom Brukarutvalet og dei einskilde interesserorganisasjonane. I mange prosjekt er det naturleg å nytte den spesialiserte kompetansen som medlemene av einskild organisasjonar har.

Brukarutvalet har retningsliner for brukarmedverknad som framleis står fast. I desse står det at all oppnemning av brukarmedverkarar skal skje gjennom Brukarutvalet. Det er Brukarutvalet som avgjer kva type representasjon som trengs og som held kontakt med paraplyorganisasjonar eller einskildorganisasjonar for å skaffe rette person.

Det er ei utfordring for både føretak og brukarar å bidra til vidare utvikling av brukarrolla og korleis befolkning og pasientar skal kunne bidra til oppfylling av intensjonane i samhandlingsreformen, der eiga læring og meistring står sentralt.

Kurs og seminar

Brukarutvalet har holde innlegg på 2 faglunsjmøter i regi av medisinsk avdeling på Haukeland Universitetssjukhus.

Følgjande eksterne kurs/seminar i 2013:

Utvaltes representantar har vore til stades på aktuelle seminar for å kunne vere oppdatert innafor feltet.

Rekneskap

Brukarutvalet har ikkje hatt eige budsjett, men budsjetttramma er fastsatt av føretaksleiinga.
Nødvendige kostnader blir belasta Foretaksleiinga.

Kostnader: 2012nov 2013 des

Kurs, seminar og kongressar

Møtegodtgjersle	156 000	129 000
-----------------	---------	---------

18 000	19 000
--------	--------

Reisegodtgjersle

Totalt	174 000	149 000
--------	---------	---------

Bergen 20.01.2014

Jorunn M. Bakke,

Leiar av brukarutvalet i Helse Bergen

Vedlegg: Prosjektoversikt pr. 31.12.2013 og. Pr juni 2013

